

# Saksprotokoll

Formannskapet og  
næringsutvalet

10.06.2020

Sak: 64/20

**Tittel:** Saksprotokoll - Lokale til bruktbutikk - kommunal støtte  
**Arkivsak:** 20/1745

## Behandling:

Rådmannen presiserte at kommunen sitt engasjement er grunna i både økonomisk støtte til Pyramiden AS og å hjelpe fram etablering av bruktbutikken.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

## Vedtak:

Luster kommune støttar etablering av bruktbutikk i Pyramiden.

I prosjektperioden på 3 år frå 01.08.20 garanterar kommunen for samla husleige på 400.000 i året mot at bruktbutikken refunderar noko av leiga etter ein modell som er progressiv i høve omsetning, jf skissa i saksutgreiinga.

Prosjektet vert finansiert ved forbruk av næringsfondet.

Rådmann har fullmakt til å inngå avtale.